



LANDBRUKSINFORMASJON FOR AURLAND, LÆRDAL OG ÅRDAL

Nr 1/2013 – JANUAR
INFORMASJONSSKRIV FRÅ FELLES LANDBRUKSKONTOR ÅLA

Spesielle miljøtiltak i jordbruket - Nærings – og miljøtiltak i skogbruket

Søknadsfrist: 25. februar 2013

Søknaden skal sendast kommunen på gjeldande [søknadsskjema](#).

Tildeling av midlane skal politisk handsamast i Årdal, i Aurland og Lærdal er handsaminga delegert til administrasjonen ved Felles Landbrukskontor ÅLA.

Det er utarbeidd ny tiltaksstrategi 2013 – 2016 for SMIL og NMSK-midlar, nedanfor står eit utdrag frå strategien, heile dokumentet ligg [her](#).

Tilskotsnivå

Tilgjengelege midlar det einskilde år i høve til søknadsmasse vil vera avgjerande for støttenivå. Det vert lagt opp til å støtte godkjende søknadsobjekt. Om det er lite midlar i forhold til behovet, må støtta til kvar søknad reduserast eller utsetjast til seinare.

Tilskot til restaurering av bygningar vert avgrensa til maksimalt 35% av godkjent kostnadsoverslag for utvendige reparasjonar.

Dersom særskilde grunnar talar for det, kan dei lokale prioriteringane likevel fråvikast.

Vilkår

Ved restaurering av gamle og verneverdige bygg og anlegg bør det alltid liggja antikvariske prinsipp til grunn for utføringa, med mindre prosjektet har andre særskilte behov. Dette skal avklarast før oppstart. Med antikvariske prisnipp meiner vi:

- Å ta vare på bygningen sin eigenart og heilskapsinntrykket i kulturmiljøet
- Å endra så lite som mogleg. Reparasjon skal føretrekkast framfor utskifting

- Å bruka tradisjonelle, stadeigne materialar, teknikkar og fargar.

Ved rydding av attgrodd beite- og slåttemark, skal det vere eit vilkår at søkjar held området vedlike til dømes ved beite, stubbebehandling eller slått.

Utbetaling

Før kommunen kan tilvise utbetaling av tilskot må det liggje føre skriftleg oppmoding om utbetaling frå søkjar. Delar av tilskot til prosjekt kan utbetalast som forskot. Minst 25 % av tilskotet skal haldast att til arbeidet er fullført og det ligg føre sluttregneskap.

For meir informasjon les i den nye tiltaksstrategien for SMIL og NMSK - midlar for 2013-2013 som er tilgjengelig på nettsida til landbrukskontoret.

Husdyrgjødsel – gjødslingsplan – utsett frist for spreining av husdyrgjødsel

I 2012 vart det utarbeidd ei lokal forskrift om ny frist for spreining av husdyrgjødsel i dei tre kommunane våre. Frist for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding er no 30.09 i Aurland, Lærdal og Årdal.

Hovudregelen knytt til spreining av husdyrgjødsel er at det er eit forbod mot spreining i perioden 1.november -15. februar. I tillegg er det ikkje høve til å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark.

Eit av måla med etablering av lokal forskrift er å få ned talet på søknadar om utsett frist for spreining av husdyrgjødsel. Vi har motteke og handsama 11 søknadar om hausten 2012. Hausten 2011 vart det handsama 21 søknadar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har følgjande oppmoding:

Husdyrgjødsel bør spreiest tidleg i vekstsesongen. Dette gjev den beste utnyttinga av næringsemna i gjødsla og reduserer faren for uheldig verknad på drikkevasskvalitet, andre vassførekomstar og utslepp av klimagassen lystgass.

Etter ein gjennomgang av alle dispensasjonar som vart gjeve i 2011 har Fylkesmannen følgjande oppfordring til kommunane:

- Konsekvensane av sein spreining må vurderast konkret.
- Det må stillast vilkår til korleis spreininga skal utførast.
- Kommunane må verte meir atterhaldne og grundige i saksgangen i tilfelle der det er aktuelt gje dispensasjon.

Vi ser oss nøydde til å be om meir dokumentasjon i samband med søknad om utsett frist for spreining av husdyrgjødsel:

- Tidspunkt for spreining
- Mengde gjødsel m³
- Kvar skal det spreiest, teikna inn på kart saman med opplysningar om areal
- Kva er årsak til at det behov for å søkje om utsett frist for spreining.

Det vert vurdert å utarbeide søknadsskjema for søknad om løyve til spreining av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding utanom tillaten periode.

Prosjekt ”Sau og utmark”

Jostein Vonheim frå Stryn er tilsett som prosjektleiar for *Prosjekt sau og utmark i ÅLA*. Han tek til i stillinga 1.mars 2013.

Prosjektet har som hovudmål å ta vare på, vidareutvikla og auka verdiskapinga i saueneringa i Årdal, Lærdal og Aurland. Prosjektet skal arbeide for å auke tal bruk med sauehald og auke tal vinterfora sau og lam. Eit mål er å komme opp på same nivå som i år 2000. Prosjektet er finansiert av ÅLA-kommunane saman med næringa ved Sau og Geit i dei tre kommunane og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Det fireårige prosjektet vil starte opp med eit ope informasjonsmøte i Lærdal kulturhus 13.februar kl 19.00-22.00

Her vert det orientering om bakgrunn for prosjektet, presentasjon av prosjektleiar og informasjon og debatt om korleis me skal nå måla for prosjektet.

Det vert kulturinnslag og enkel servering. Endeleg program kjem me attende til seinare.

Spørsmål om prosjektet kan rettast til prosjektleiar Jostein Vonheim på telefon 90024 850, eller landbrukssjef Magnhild Aspevik 57641223.

Status ”Gardskartprosessen” i Årdal, Lærdal og Aurland – oppdaterte kart til Miljøplan

Rettingane i Lærdal og Aurland var innsendt i desember og korrigerede arealtal gjeld frå søknadsomgangen august 2013. Nye kart og arealtal er tilgjengeleg på <http://gardskart.skogoglandskap.no>. I Årdal er nye arealtal allereie teke i bruk.

Det er viktig å merka seg at dette er ein kontinuerleg prosess. Me har gjort vårt beste men det kan vera korrigeringar me ikkje har klart å få med. Finn de feil eller det skjer endringar so må de gje beskjed til oss.

Me vil oppfordra alle grunneigarar til å sjå på dei oppdaterte karta og gjera seg kjent med dei nye arealtala i god tid før søknadsomgangen august 2013.

Alle som har miljøplan må legge inn dei oppdaterte arealkarta. Me gjer merksame på at det kan vere endringar i arealtala. Har du spørsmål til dei nye arealtala ta kontakt med Felles landbrukskontor ALÅ ved Solgun Haugen.

Søknad om produksjonstilskot januar 2013

Då er me ferdig med fyrste søknadsomgangen der det ikkje vart sendt ut papirskjema på førehand i samband med søknad om produksjonstilskot.

Felles Landbruskontor har hatt forholdsvis lite spørsmål i samband med dette. Me har sendt ut eller skrivne ut nokon papirskjema og hjelpt nokon med å søkja elektronisk.

Det virkar på oss som det har gått veldig greitt å søkja elektronisk og me har enda på ein høg %-andel som har søkt elektronisk.

%- andel søknadar elektronisk i ÅLA siste søknadsomgangane

Kommune	Januar 2013	Januar 2012	August 2012
Årdal	75	62,5	54,5
Lærdal	79	31	36
Aurland	81	41	33


Tal frå Fylkesmannen visar at det varierer mellom 58 – 89 % i kommunane i fylket for denne søknadsomgangen, høgste i august var 56 %.

Fellingsresultat for hjorteviltjakta 2012

Aurland hjort

Tal løyver i 2012 i Aurland vart noko høgare enn tidlegare grunna auke til 1000 meter over havet i teljande areal. Løyva vart delt ut etter retta avskyting, definert i *Forvaltningsplan for hjortevilt i ÅLA*. Løyva vart delt ut i kategoriane kalv (25%), hodyr (35%), spissbuk (20%) og eldre buk (20%). Fellingsresultatet synar ein fordeling temmelig nær dette (høvesvis 22%, 34%, 20% og 25%).


Fellingstala synar ein nedgang i tal felte dyr frå dei føregåande to åra. Fellingsprosenten var i 2012 på 52%. Om ein ser bort i frå dei ekstra løyva grunna auke høgde over havet på teljande areal, har Aurland ein fellingsprosent på om lag 60%. Dette er noko lågare enn dei føregåande åra kor fellingsprosenten har lege på om lag 70%.



Lærdal hjort

Løyvetildelingane i Lærdal har vore nokså stabile dei siste åra. Løyva vart delt ut etter retta avskyting, definert i *Forvaltningsplan for hjortevilt i ÅLA*. Løyva vart delt ut i kategoriane kalv (40%), hodyr (30%), spissbuk (15%) og eldre bukk (15%). Fellingsresultatet synar ein fordeling temmelig nær dette (høvesvis 31%, 35%, 17% og 16%).

Fellingstala synar ein nedgang i tal felte dyr frå dei føregåande to åra. Fellingsprosenten var i 2012 på 53%, noko som er litt lågare enn dei føregåande åra.




Årdal hjort

Løyvetildelingane i Årdal har vore nokså stabile dei siste åra. Løyva vart i 2012 delt ut etter retta avskyting, definert i *Forvaltningsplan for hjortevilt i ÅLA*. Løyva vart delt ut i kategoriane kalv (20%), hodyr (40%), spissbuk (20%) og eldre bukk (20%).


Fellingsresultatet synar ein fordeling nokså nær dette, men med ein litt høgare del vaksen bukk (høvesvis 22%, 36%, 16% og 27%).

Fellingstala synar eit nokso stabilt uttak av hjort. Fellingsprosenten var i 2012 på 63%. Om ein ser bort i frå auka i fellingsløyve i 2012, er fellingsprosenten i Årdal også temmelig stabil.



Elg

Tabellen under syner fellingstala for elg i ÅLA.



Rådyr

Det vart ikkje felt rådyr i 2012.

Generelt

For fleire detaljar og statistikk kan ein vitja www.hjorteviltregisteret.no. På www.ssb.no finn ein lengre tidsseriar på felling og tildeling.

Sett-hjort skjema er ikkje samanstillt enda.

Digitalisering av valdkart

I 2012 vart hjortevaldkarta for Aurland kommune digitalisert. Dei nye og meir presise tala for areal vart lagt til grunn for berekning av løyvetildelinga. Arbeidet med digitalisering av hjortevaldkart i Lærdal og Årdal kommunar er no i gang. Karta vil verte sendt ut for godkjenning før dei vert lagt til grunn for berekning av løyvetildelinga.

Fristar – godkjenning og endring av vald

Søknad om godkjenning av vald skal leverast kommunen innan 1. mai.

Endringar av valdgrensar, eigedomsforhold eller teljande areal skal meldast til kommunen innan 1.april. Dette er valdansvarleg sitt ansvar.

Aktuelle møte og kurs

Kurs Motorsag

14-15.februar 2 ledigeplasser kurset vert i Lærdal. Kursinstruktør Arnt Laukeland 99163200
Kursdeltakar må ha motorsag og verneutstyr sjølv. Påmelding til Felles Landbrukskontor
ÅLA, førstemann til mølla.

Dersom fleire er interessert i kurs i bruk av motorsag meld i frå til Felles landbrukskontor
ÅLA.. Er interessa stor nok vil vi organisere kurs i løpet av vinteren/våren. Kostnad ca kr
1440,-, omfang 15 timar.

Kontakt Felles Landbrukskontor ÅLA på telefon eller e-post

Markdag i Aurland

Torsdag 21. mars kl 10.00-14.00

Tema:

- grovfordyrking
- rett bruk av husdyrgjødsel og rett haustetidspunkt
- utnytting av beiteressursar

Enkel servering.

Arr: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga og Felles Landbrukskontor ÅLA

Juletreproduksjon

Ny juletrestrategi er på plass med nye retningslinjer i samarbeid mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane landbruksavdelinga (FMLA) og Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane.

Det vert gjeve inntil 30 % tilskot til «seriøse» nyetableringar/utvidingar av juletreplantasjar i fylket, sjå www.innovasjon norge.no

For å kome i gang vert det ein-dags-kurs i regi av FMLA, Innovasjon og Norsk Pyntegrønt ved Terjer Hidle. Dato: 10. eller 11. mars.

Kursstad: Hos Sjur Wie, Førde i Sunnfjord

Nærare info kjem, men vi vil gi kommunane ein moglegheit til å både sjølve vere med og å tipse brukarar med planar om juletresatsing. Forming av tre vert ein viktig del av kurset.

Ny info kjem snart og vert også lagt ut på nettsida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Merete Larsmon

Fylkesskogmeister

57643000/97140060

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

B

Returadresse:
Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Informasjon på E-post

Alle som me kjenner E-postadressa til får informasjonsskrivet elektronisk. Dei som absolutt vil ha det i posten kan reservera seg og framleis få det i posten.

Hugs å melde frå om endringar i E-postadresse til: shau@laerdal.kommune.no

Det er elles utlagt på kommunane sine heimesider under: Landbruk

Aurland kommune si heimeside:

<http://www.aurland.kommune.no>

Lærdal kommune si heimeside:

<http://www.laerdal.kommune.no>

Årdal kommune si heimeside:

<http://www.ardal.kommune.no>

Telefonar/E-postadresser:

Namn	Telefon	Mobiltelefon	E-postadresse
Aurland kommune			
-sentralbord	57 63 29 00		post@aurland.kommune.no
-landbrukskontoret	57 63 29 90		
-telefax	57 63 29 01		
Lærdal kommune			
-sentralbord	57 64 12 00		post@laerdal.kommune.no
-telefax	57 64 12 01		
Årdal kommune			
-sentralbord	57 66 50 00		postmottak@ardal.kommune.no
-telefax	57 66 50 15		
Magnhild Aspevik	57 64 12 23	911 59 423	MAAS@laerdal.kommune.no
Solgun Haugen	57 64 12 38	971 57 788	shau@laerdal.kommune.no
Ingunn B. Skjerdal	57 64 12 28 L 57 63 29 90 A	474 08 557	ingunn.skjerdal@laerdal.kommune.no
Gunnstein Husdal	57 64 12 39	416 78 095	GUHU@laerdal.kommune.no
Jostein Vonheim prosjekt Sau og utmark		900 24 850	jostein.vonheim@laerdal.kommune.no
Knut Fredrik Øi		930 59 637	Knut.fredrik.oi@laerdal.kommune.no
Landbrukstenester, Sogn	909 62 157		aud.fossoy@n-lt.no
-telefax	57 68 27 71		